



Norges
vassdrags- og
energidirektorat

NVE

Middelthuns gate 29

Postboks 5091, Majorstua
0301 OSLO

Telefon: 22 95 95 95
Telefaks: 22 95 90 00
E-post: nve@nve.no
Internett: www.nve.no

Org.nr:
NO 970 205 039 MVA
Bankkonto:
7694 05 08971

Løyve

I medhald av lov av 24. november 2000, nr. 82 om vassdrag og grunnvann (vassressurslova) § 8, kgl. res. av 15. desember 2000 og fullmakt gitt av Olje- og energidepartementet

blir det gjeve løyve til utbygging av

Hugla kraftverk

Meddelt: Hugla kraftverk

Dato: 30. 01. 2003

Varighet: Ubegrenset

Ref: NVE 200102800-9

Kommune: Vik

Fylke: Sogn og Fjordane

Vassdrag: Hugla/Vikja

Vassdragnr.: 070.B

I medhold av lov av 24. november 2000, nr. 82 om vassdrag og grunnvann (vassressurslova) § 8, kgl. res. av 15. desember 2000 og fullmakt gitt av Olje- og energidepartementet, gir Norges vassdrags- og energidirektorat, med grunnlag i søknad av 02.04.2002 og vedlagte KTV-notat nr. 02/2003 "Bakgrunn for vedtak"

Hugla kraftverk

konsesjon til bygging og drift av Hugla småkraftverk i Hugla/Vikjvasdraget, Vik kommune i Sogn og Fjordane på følgende vilkår:

1.

Byggefristar m.v.

Arbeidet må ta til innan 5 år frå konsesjonsdato og fullførast innan ytterlegare 5 år, jf. vassressurslova § 19, tredje ledd. Under særlege omstende kan fristane forlengast av NVE. Med i fristane reknast ikkje den tid som på grunn av særlege tilhøve (vis major), streik eller lockout ikkje har voret mogleg å nytte.

For kvar dag nokon av disse fristane vert overskridd, uten løyve frå NVE, betaler konsesjonæren ei mulkt til statskassa på kr 1 000,-.

2.

Godkjenning av detaljplaner, landskapmessige forhold, tilsyn m.v.

Godkjenning av detaljplaner, tilsyn med utføring, seinare vedlikehald og drift av anlegg og tiltak som er omfatta av denne posten er tillagt NVE. Utgifter med dette skal dekkast av konsesjonæren.

Konsesjonæren pliktar å legge fram for NVE detaljerte planar med turvande opplysningar, berekningar og kostnadsoverslag for kraftanlegget. Arbeidet kan ikkje settast i gang før planane er godkjent. Anlegget skal utførast solid, minst mogleg skjemmande og skal til ei kvar tid haldast i full driftsmessig stand.

Konsesjonæren pliktar å planlegge, utføre og vedlikehalde hoved- og hjelpeanlegg slik at det økologiske og landskaparkitektoniske resultat blir best mogleg.

Kommunen skal ha høve til å uttale seg om planane for anleggsvegar, massetak og plassering av overskotsmassar.

Konsesjonæren pliktar å utføre ei forsvarleg opprydding av anleggsområdet. Oppryddinga må være ferdig seinast 2 år etter at vedkommande anlegg eller del av anlegget er sett i drift.

NVE kan gje pålegg om gjennomføring av plikter i medhold av denne posten.

3.

Automatisk freda kulturminner

Viser det seg i anleggs- eller driftsfasen at tiltaket kan være eigna til å skade, øydelegge, flytte, endre, skjule eller på annan måte utilbørleg skjemme automatisk freda kulturminner som hittil ikkje har vore kjent, skal melding om dette sendast kulturminneforvaltninga i fylkeskommunen med det samme og

arbeidet skal stansast i den utstrekning tiltaket kan berøre kulturminnet, jf. lov av 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminner § 8 andre lekk, jf. også §§ 3 og 4.


4.

Kontroll med vilkåra

Konsesjonæren tek ansvar for det som til ei kvar tid måtte bli fastlagt av NVE for oppfølging av kontroll med at oppstilte vilkår blir fylgde.

Utgifter med kontrollen erstattast det offentlege av konsesjonæren etter nærmare reglar som blir fastsett av NVE.

Ved brot på dei fastsette vilkåra, bestemmelsar i lova eller i medhald av lova fastsette vilkår, kan NVE fastsette ei tvangsmulkt på inntil kr. 100.000 pr dag eller inntil kr. 500.000 for kvart brot. Pålegg om mulkt er tvangsgrunnlag for utlegg, jf. vassressurslova § 60, NVE kan justere beløpet kvart 5 år.


Bjørn Wold
avdelingsdirektør


Rune Flatby
seksjonssjef